

Norm for reglar for søndagsskular og barnegrupper i SØNDAGSSKOLEN NORGE

§ 1 NAMN OG MÅLGRUPPE

Namn på søndagsskulen/barnegruppa:

(heretter kalla «Gruppa»), er innmeldt i SØNDAGSSKOLEN NORGE, og

arbeider i (NN):..... (kyrkjelyd/forsamling, bydel/bygd)

§ 2 GRUNNLAG OG VISJON

For grupper med luthersk tilhørrelse:

§ 2 GRUNNLAG OG VISJON

Gruppa deler visjonen *Jesus til barna*. Dette skjer i truskap mot Bibelen, og den evangelisk-lutherske vedkjenninga.

For grupper med ikkje-luthersk bakgrunn:

§ 2 GRUNNLAG OG VISJON

Gruppa deler visjonen *Jesus til barna*. Dette skjer i truskap mot Bibelen, og i respekt for den evangelisk-lutherske vedkjenninga. Gruppa har forståing for at SØNDAGSSKOLEN NORGE sine grunnreglar har ein evangelisk-luthersk basis, og at dette ikkje kan endrast.

§ 3 FØREMÅL

Målet for Gruppa er:

- å styrkje barna si tru, særleg ved hjelp av bibelforteljingar, undring og bøn.
- å hjelpe barna til nærare kjennskap til den treeinige Gud og til etterfølging av Jesus.
- å byggje eit kristent fellesskap saman med barna.
- å leggje til rette for at barna kan bli ein del av den lokale kyrkjelyden/ forsamlinga.

§ 4 MEDLEMSKAP

Barn og leiarar som er registrerte i Gruppa sitt medlemsregister er medlemmer.

Barn og leiarar skal registrerast med fullt namn, adresse og fødselsår i det gjeldande systemet for medlemsregistrering.

Barn og leiarar under 26 år som har betalt gyldig kontingent er grunnlag for økonomisk støtte frå offentlege styresmakter via SØNDAGSSKOLEN NORGE.

Medlemmer som er fylt 15 år skal takast med på råd der det er naturleg, i Gruppa sitt arbeid.

§ 5 TILHØYRSEL

Som medlem i SØNDAGSSKOLEN NORGE er Gruppa tilslutta SØNDAGSSKOLEN

(NN).....krins,
og arbeider etter grunnreglane, generalforsamlinga sitt vedtak og retningslinjer gitt av landsstyret og krinsstyret. (jf. Grunnreglar § 1.5).

§ 6 LEIING AV GRUPPA

- Leiarar i Gruppa skal arbeide i samsvar med Gruppa sitt føremål og reglar.
- Gruppa skal ha ein hovudleiar.
- Hovudleiar har ansvar for:

- kontakt med krinsen og SØNDAGSSKOLEN NORGE
- at Gruppa har bibel- og trusformidling
- medlemsregistrering og innlevering av årsrapport
- at det blir ført rekneskap
- at alle leiarar har framvist politiattest
- Hovudleiar kan delegere oppgåver innanfor alle område til sine medleiarar, med unntak av innlevering av årsrapport.
- Gruppa har rett til å sende representantar til krinsårsmøtet og generalforsamlinga i SØNDAGSSKOLEN NORGE. Representasjon skjer i samsvar med gjeldande reglar.

§ 7 VAL AV STYRE

Har Gruppa 4 eller fleire medlemmer over 15 år, skal det veljast eit styre blant Gruppa sine medlemmer.

Alle medlemmer som har fylt 15 år, har tale- og røysterett.

§ 8 OPPHØYR/UTMELDING

- Dersom verksemda opphøyrer, melder Gruppa frå til SØNDAGSSKOLEN NORGE.
- Ubrukte frifondmidlar skal betalast tilbake til SØNDAGSSKOLEN NORGE.
- Eigedelar/oppsparte midlar blir vidareført til søndagsskulekrinsen eller anna lokalt kristent arbeid for barn. Viss Gruppa ikkje har styre, blir dette avgjort av hovudleiar og krinsstyret.

§ 9 ENDRING AV REGLANE

Gruppa sine reglar kan endrast med tilslutning av 2/3 av røysteføre medlemmar. Endringar kan ikkje stride imot grunnreglane for SØNDAGSSKOLEN NORGE. § 2 kan ikkje endrast.